



HAREID KOMMUNE

PLANPROGRAM TRAFIKKTRYGGINGSPLAN

HØYRINGSUTKAST

21.03.19



Sektor for samfunnsutvikling



Hareid kommune

Planprogram - Trafikktryggingsplan

| Innhald: | side |
|--|-------------|
| 1 Innleiing | 3 |
| 1.1 Forord | 3 |
| 1.2 Bakgrunn for og formål med planprogram og prosjektet | 3 |
| 1.3 Lovgrunnlag, føringar og krav til prosess | 4 |
| 1.4 Organisering av planprosess | 4 |
| 2 Overordna planar og føringar | 7 |
| 2.1 Lokalisering av planområdet | 7 |
| 2.2 Grunnlag for trafikktryggingsplanen | 7 |
| 3 Dagens situasjon og endringar sidan førre plan | 8 |
| 3.1 Dagens situasjon | 8 |
| 3.2 Endringar sidan førre plan | 8 |
| 4 Ny trafikktryggingsplan | 9 |
| 4.1 Visjon og mål | 9 |
| 4.2 Ansvarsområde | 9 |
| 4.3 Økonomi | 9 |
| 4.4 Tekstdokument | 9 |
| 4.5 Praktisk bruk av trafikktryggingsplanen | 10 |
| 5 Oppsummering krav til trafikktryggingsplanen | 11 |
| 5.1 Formål | 11 |
| 5.2 Omfang og planavgrensing | 11 |
| 5.3 Rammer og føringar | 11 |
| 5.4 Medverknad | 11 |
| 5.5 Arbeidsgruppe | 11 |
| 5.6 Plandokument | 11 |
| 5.7 Prioriteringsliste | 11 |
| 5.8 Plankart | 11 |

1 Innleiing

1.1 Forord

Forslag til planprogram for trafikktryggingsplan er utarbeidd av Nordplan as ved Gudveig Fure Oksholen på vegner av Hareid kommune.

Kontaktperson/koordinator for Hareid kommune er Aina Giskeødegård Balsnes.

Ansvarleg styresmakt for handsaming og godkjenning av planprogrammet er nærings- og miljøutvalet i Hareid kommune, og for godkjenning av trafikktryggingsplanen er Hareid kommunestyre.

Forslag til planprogram blir kunngjort i avisene Vikebladet og Sunnmørsposten og lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Planprogrammet er elles tilgjengeleg på kommunen si nettside. Det vert også sendt til aktuelle partar for uttale.

Eventuelle spørsmål, synspunkt, merknader og innspel til planarbeidet skal sendast til :

Nordplan as

v/ Gudveig Fure Oksholen

Tlf: 94 01 52 39

E-post: gfo@nordplan.no

v/ Heidi Hansen

Tlf: 92 85 78 09

E-post: hh@nordplan.no

Fristen for å kome med merknader, innspel og kommentarar er **11.05.2019**.

1.2 Bakgrunn for og formål med planprogram og prosjektet

Bakgrunn

Den førre trafikktryggingsplanen for Hareid kommune var utarbeida i 2007, for perioden 2007-2011, og forlenga til 2018. Det har sidan den tid skjedd endringar både i vegsystema, utbygging og trafikkmønster som påverkar grunnlaget for trafikktryggingsplanen. Hareid kommune har derfor vedtatt å få utarbeida ein ny trafikktryggingsplan i 2019.

Planprogram

Trafikktryggingsplanen skal utarbeidast som kommunedelplan.

Planprogrammet skal vere grunnlag for planarbeidet.

Formålet med planprogrammet er å:

- gjere greie for formålet med trafikktryggingsplanen
- fastsette rammer og føringar for planarbeidet og planprosessen
- sikre tidleg medverknad
- sikre ei politisk forankring

Prosjektformål

Hovudmålet med trafikktryggingsplanen er å gi alle born i kommunen ein trygg skuleveg.

Ein ønskjer også å legge til rette for fysisk fostring, rekreasjon og folkehelse ved trygg tilkomst til turområde, badestrand mm.

Ein heilskapleg plan for vegnettet og gangvegssystemet skal ligge til grunn for prioriteringar og utbygging.

1.3 Lovgrunnlag, føringar og krav til prosess

Føringar

Forankring i nasjonale- og fylkeskommunale planar:

- Nasjonal Transportplan (NTP)
- Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg
- Trafikktryggingssstrategi Møre og Romsdal fylkeskommune

Rettleiar

Statens vegvesen sin rettleiar for kommunale trafikktryggingssplanar, handbok V722.

1.4 Organisering av planprosess

Arbeidsopplegg

Trafikktryggingssplanen vil bli utarbeidd i samarbeid med oppdragsgivar Hareid kommune representert ved Aina Giskeødegård Balsnes. Det har vore gjennomført oppstartsmøte i samband med planprogrammet og samarbeidsmøte vil bli halde med jamne mellomrom i heile planprosessen, i tillegg til informasjonsutveksling per telefon og e-post.

Samarbeidet med offentlege instansar vil skje i form av møte, og gjennom dialog, og innspel i samband med høyringar og oppstartsvarsel.

Planprogram og høyringsforslag for trafikktryggingssplanen vil bli politisk forankra gjennom handsaming i nærings- og miljøutvalet i Hareid kommune.

Medverknad og informasjon

Planprogrammet blir lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker samstundes som oppstart av trafikktryggingssplanen blir kunngjort. Private og offentlege partar og interessentar blir tilskrivne og invitert til å kome med innspel og synspunkt knytt til planarbeidet.

Planprogrammet og varsel om oppstart blir kunngjort i Vikebladet og Sunnmørsposten og på nettsidene til Hareid kommune. I tillegg blir papirutgåve lagt fram til gjennomsyn på servicekontoret i rådhuset i Hareid.

Det vil bli vurdert undervegs i prosessen om det er behov for å arrangere folkemøte, eventuelt vil det bli gjennomført i samband med offentleg ettersyn og høyring av trafikktryggingssplanen. Varsling og høyring av trafikktryggingssplanen vil skje på same måte som for planprogrammet.

Utifrå hovudmålsettinga til trafikktryggingssplanen skal som minimum desse gruppene inviterast til å delta i medverknadsprosessen:

- Barnehagar
- Barneskular
- Ungdomsskule
- FAU og rektorar ved dei ulike skulane
- Ungdomsrådet i Hareid kommune
- Barnas Turlag Hareid /Ålesund-Sunnmøre turistforeining
- Hareid Rotaryklubb
- Levekårsutvalet (LKU)
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Eldrerådet
- Samarbeidsutval for barnehagane og skulane

Arbeidsgruppe


I forkant av arbeidet med trafikktryggingsplanen vart det fastsett ei arbeidsgruppe, vedtatt på rådmannsnivå, som skal sikre medverknad frå ulike sektorar i kommunen. Tidleg medverknad frå gruppa vil bidra til betre ansvarsfordeling og oppfølging av det vidare trafikktryggingsarbeidet.

Arbeidsgruppa består av:

- Aina Giskeødegård Balsnes, kommunalteknikk og VAR, aina.giskeodegard.balsnes@hareid.kommune.no
- Christine Riise Øvrelid, kulturkonsulent frå Sektor for læring og kultur, christine.ovrelid@hareid.kommune.no.
- Jenny Helen Korsnes, konsulent frå Sektor for velferd, jenny.korsnes@hareid.kommune.no.

Organisasjonskart

Organisasjonskart for Hareid kommune si handsaming av trafikktryggingsplanen ser slik ut:



Nordplan vil vere sidestilt med prosjektgruppa og utarbeidar trafikktryggingsplanen.

Framdriftsplan

Tabellen under gir ei oversikt over berekna framdrift i arbeidet. Handsamingstidspunkt i kommunen avheng av saksmengde og møteplanar.

| Fasar i planarbeidet | Samarbeid og medverknad | Handsaming | Framdrift |
|--|---|-------------------------------|----------------------------|
| Utarbeiding av forslag til planprogram | Kommune | Nordplan as | Mars |
| Politisk handsaming | Hareid kommune | Nærings- og miljøutvalet | 26.mars |
| Kunngjering oppstart av planarbeid og høyring av forslag til planprogram | Kunngjering og brev til partar | Nordplan as | 30.mars |
| Vedtak av planprogram | Hareid kommune | Nærings og miljøutvalet | 04.juni |
| Utarbeiding av trafikktryggingsplanen | Offentlege og private partar | Nordplan as og Hareid kommune | Mars - juni |
| Offentleg ettersyn trafikktryggingsplanen | Eventuelt folkemøte, kunngjering og brev til partar | | August - september |
| Handsaming av merknader | Hareid kommune, ev. avklaringar med partar | Nordplan as | September - oktober |
| Orienteringsmøte /planstatus | Nærings- og miljøutvalet | Nordplan as | 1.oktober |
| Revidert planforslag til politisk handsaming | Hareid kommune | Nærings og miljøutvalet | 19.november |
| Vedtak av trafikktryggingsplanen | Hareid kommune | Kommunestyret | 12.desember |
| Kunngjering av plan vedtak | Hareid kommune | Hareid kommune | Desember – ev. januar 2020 |

2 Overordna planar og føringar

2.1 Lokalisering av planområdet

Trafikktryggingssplanen skal gjelde for heile Hareid kommune.

For fylkesvegane har ikkje kommunen mynde til å vedta eller utføre tiltak. Trafikktryggingssplanen skal likevel innehalde prioritert liste over kva tiltak kommunen tykkjer bør gjennomførast på desse vegane.



2.2 Grunnlag for trafikktryggingssplanen

Gjeldande planar

Kommuneplan – arealdel 2012-2024

Trafikktryggingssplan 2007 – 2010 (2018)

3 Dagens situasjon og endringar sidan førre plan

3.1 Dagens situasjon

Trafikktryggingsplanen skal:

- Gjere greie for korleis trafikktryggingsarbeidet vert organisert i kommunen i dag
- Gi ei oversikt over andre kommunale planar som har samband med trafikktryggingsarbeidet. Kan for eksempel vere planar for nye bustadområde eller ny skulestruktur
- Innehalde ei ulykkesanalyse som avdekkjer ulykkespunkt, ulykkesstrekningar, spesielt utsette grupper.

3.2 Endringar sidan førre plan

I den førre trafikktryggingsplanen var det laga ei lang liste over trafikktryggingstiltak. Nokre av tiltaka er utført, delvis utført eller situasjonen har endra seg. Tiltaka som er utført er på ulike nivå, alt frå planlegging av trafikktryggingstiltak, utbygging, drift, vedlikehald og betre rutinar.

Trafikktryggingsplanen skal oppsummere kva tiltak som vart utført i førre periode, og kva tiltak frå den gamle prioriteringslista som skal vidareførast til denne planen.

Ev behov for nye trafikktryggingstiltak skal vurderast utifrå innspel til planen, medverknadsprosessen og ulykkesanalysen.

4 Ny trafikktryggingsplan

4.1 Visjon og mål

Ein trafikktryggingsplan skal innehalde kommunen sin visjon, og definere hovudmål eller satsingsområde for planen.

For Hareid kommune er hovudmålet å gi alle born i kommunen ein trygg skuleveg. Kommunen ønskjer dessutan å legge til rette for fysisk fostring, rekreasjon og folkehelse ved trygg tilkomst til turområde, badestrand mm.

Ein heilskapleg plan for vegnettet og gangvegssystemet skal ligge til grunn for prioriteringar og utbygging.

Trafikktryggingsplanen skal definere meir konkrete og målbare delmål som må til for å oppnå hovudmålet. Delmåla skal vere definert for ulike tiltaksområde/sektorar/satsingsområde og må vere so konkrete at ein lett kan avklare om målet er nådd i planperioden.

4.2 Ansvarsområde

Organisatorisk

- Det er fastsett ei arbeidsgruppe som har ansvar for koordinering av trafikktryggingsarbeidet internt i kommunen. Nærings- og miljøutvalet sikrar politisk tyngde
- Trafikktryggingsplanen skal avklare kven som er ansvarleg for gjennomføring og oppfølging av ulike typar tiltak.

Haldningsskapande arbeid

Trafikktryggingsplanen skal vise til korleis haldningsskapande arbeid kan innarbeidast i ulike kommunale sektorar og i ulike trafikantgrupper/brukargruppe, og kven som er ansvarleg for gjennomføring av desse tiltaka.

Utarbeidinga av trafikktryggingsplanen bør involvere «flest mogeleg» allereie i sjølve prosessen. Planarbeidet er i seg sjølv er med på å bevisstgjere dei involverte, ved å sette fokus på trafikktryggleik og auke kunnskapen, og er dermed del av det haldningsskapande arbeidet.

Vegmynde

Trafikktryggingsplanen skal opplyse om kven som er ansvarleg vegmynde for dei ulike delane av vegnettet, slik at prioriteringslista kan delast inn etter det.

4.3 Økonomi

Trafikktryggingsplanen skal **ikkje** legge ein økonomisk plan for trafikktryggingstiltak, men vise til kven som har økonomisk ansvar for dei ulike tiltaka og gi eit grovt kostnadsestimat for å vise størrelse på tiltaka.

Det bør også komme fram kva statlege midlar ein kan søkje om.

4.4 Tekstdokument

Det skal kort gjerast greie for dagens situasjon, trafikkmonster, vegsystem, bygdslag, skulekrinsar og andre ting som påverkar ulykkesstatistikken og trafikkmonsteret. Det skal utarbeidast ei ulykkesanalyse som viser til fakta og statistikk, finne hovudtrekk i ulykkesstatistikken og ev. problemområde/problempunkt eller spesielt utsette grupper.

4.5 Praktisk bruk av trafikktryggingssplanen

Prioriteringsliste/ Handlingsprogram

Trafikktryggingssplanen skal konkludere med ei prioriteringsliste med konkrete tiltak. Prioriteringslista skal samanfatte alle trafikktryggingstiltaka i kommunen, og vil kunne fungere som eit handlingsprogram for kommunen. Lista skal i tillegg til reint fysiske tiltak også innehalde haldningsskapande og organisatoriske tiltak.

Opplistinga skal innehalde

- Kort forklaring av tiltaket, beskrive problem og manglar.
- Planstatus for tiltaket og ev krav til vidare planarbeid, grunnnerv, eigarforhold
- Oversikt over kven som er ansvarlege for økonomi, vedtak og gjennomføring
- Grovt kostnadsestimert for å forklare størrelse

Kommunen ønskjer at lista skal ha ei meir praktisk tilnærming, og kunne oppdaterast/redigerast. På den måten kan Hareid kommune oppdatere etter kvart som tiltaka vert gjennomført, eller om rekkjefølga endrar seg.

Plankart

Ved å framstille prioriteringslista grafisk i eit eller fleire plankart vil det vere lettare for kommunen å ha oversikt over dei ulike tiltaka. Kartframstillinga vil synleggjere fellestrekk mellom ulike tiltak, for eksempel i ein skulekrins, langs ein skuleveg/vegstreking, eller sentrumsområde. Ei slik framstilling vil lettare kunne avdekke problemområde som må løysast før ein for eksempel kan starte utbygging av eit nytt bustadområde.

Handsaming av tiltak hjå Statens vegvesen

Trafikktryggingssplanen med kommunen si prioriteringsliste er grunnlag for Statens vegvesen sine anbefalingar til

- handlingsprogram for riksvegar
- fylkeskommunale investeringsprogram

5 Oppsummering krav til trafikktryggingssplanen

5.1 Formål

Hovudmålet er å gi alle born i kommunen ein trygg skuleveg.

Kommunen ønskjer dessutan å legge til rette for fysisk fostring, rekreasjon og folkehelse ved trygg tilkomst til turområde, badestrand mm.

Ein heilskapleg plan for vegnettet og gangvegssystemet skal ligge til grunn for prioriteringar og utbygging.

Trafikktryggingssplanen skal gjere greie for kommunen sin visjon og satsingsområde, samt definere konkrete og målbare delmål for å nå hovudmålet

5.2 Omfang og planavgrensing

Trafikktryggingssplanen skal vere kommunedelplan og gjelde for heile Hareid kommune.

Avgrensa satsingsområde eller fokusgrupper skal definerast i samband med visjon og mål.

5.3 Rammer og føringar

Gitt i pkt. 1.3.

5.4 Medverknad

Arbeidsopplegg og medverknad skal skje i tråd med opplegget som er skissert under pkt. 1.4.

Trafikktryggingssplanen skal sikre god politisk forankring i trafikktryggingssarbeidet.

5.5 Arbeidsgruppe

Arbeidsgruppa er avklara i forkant av arbeidet med trafikktryggingssplanen og skal sikre medverknad frå og eigarforhold til trafikktryggingssplanen i ulike sektorar.

5.6 Plandokument

Skal innehalde:

- Innleiing: lovgrunnlag og føringar, samanheng med andre planar
- Beskriving av dagens situasjon, og dagens organisering av trafikktryggingssarbeidet
- Registrering og ulykkesanalyse, med kartlegging av problemområde og utsette grupper
- Visjon, hovudmål og delmål
- Handlingsdel med prioriterte tiltak/prioriteringsliste, sjå pkt. 5.4
- Anslag og oversikt over kostnad
- Plan for oppfølging og evaluering. Kva sektorar har ansvar, og kor ofte skal ein evaluere?

5.7 Prioriteringsliste

- Lista skal vere eit eige dokument
- Lista skal utarbeidast i eit format som er digitalt og redigerbart
- Innhaldet skal vere som skissert under punkt 4.5
- Lista skal inndelast etter kven som har vegmynde, slik at fylkesvegtiltak vert ei eiga liste.

5.8 Plankart

- Prioriteringslista skal grafiske framstillast som punkt i eit/fleire oversiktskart.
- I arbeidet med trafikktryggingssplanen skal kommunen og Nordplan as avklare om ein ev. kan lage plankarta slik at dei kan redigerast på lik linje med prioriteringslista.